

Utvalgte kulturlandskap i landbruket
Sundvolden, 17.08.2011

Andreas Hompland:

DET SOM SVARER SEG BEST

God morgon, gode venner av velhaldne kulturlandskap

EIN URBAN-INTELLEKTUELL BEKJENT av meg er glad i franske ostar og spansk skinke. I hans hyggelige middagsselskap har dei ikkje mye godt å seia om produkta frå Tine og Gilde. Eller om norsk landbruk. Norske bønder framstår som ein slags mystisk og framandkulturell minoritet.

Norsk landbrukspolitik er toppen av galskap, slik dei ser det. For landbruk blir drive overalt, også der byfolk ikkje skulle tru nokon ville bu. Deretter blir det gjerne ein runde om ulven, byfolks gode venn. Kan ikkje sauebøndene og barna deira gjæta dyra sine, slik dei gjer i andre land? Men dei gidder vel ikkje, for det går jo an å leva godt av drepne beitedyr dersom ein er romslig i rapporteringa.

Så skålar dei for sitt sosiale og empatiske og sinnelag: Det ville vera betre for dei fattige i verden, for oss norske skattebetalarar, og for bøndene sjølve, å setta dei på trygd, eventuelt omskolera dei til landskapspleiarar og skaffa odelsjentene arbeid som vernepleiarar.

DET BLIR FÆRRE BØNDER og større avstand mellom folk flest og bondens daglige dont. Stadig fleire ser landbruk som livsform og produksjon heilt utanfrå. Det mekaniserte landbruket er ingen leikeplass, så færre naboungar og bybarn har det gøy på landet hos eit syskjennbån på Toten. Dei mentale bilda av landbruket og bøndene er ikkje lenger forma av kjennskap og slektskap, men i ein graut av nostalgi, revynummer og bedriftsøkonomisk harselas. Det er alvorlig for bøndenes omdømme, og i neste omgang for den samfunnsmessige statusen. Men også for det norske storsamfunnet.

LANDBRUKSPOLITIKKEN kan alltid trenga kritisk gjennomgang, for det er mye forunderlig der. Også etter at Per Harald Grue pensjonerte seg som landbruksdirektør og departementsråd og slo seg nisjeproduksjon av livets vatn. Det hans tid var det var vanlig å seia at kanaliseringsregimet med sine støtte- og overføringar til landbruket var så kompliserte at det var bare Vårherre og Grue som hadde oversikt, men til slutt ga Vårherre opp.

KRITIKK, MEN IKKJE UTAN KUNNSKAP. Det blir som regel rein journalistisk komikveld med ein tilfeldig innkalla økonom på slep, kvar gong det stundar til landbruksforhandlingar. Då kjem dei gravande "avsløringane", og lekse er alltid den same: Landbruket er for lite effektivt, bøndene for subsidierte, byråkratiet for stort, matvarene for dyre, kvaliteten for dårlig og utvalet for lite. Harryhandelen over svenskegrensa er beviset - med to motstridande trumfkort: Der er maten billig fordi dei produserer rasjonelt i stor skala, men utvalet er også stort fordi dei ikkje har høg toll på importerte og arbeidskrevande

kvalitetsprodukt.

OMSYNET TIL BØNDENE som yrkesgruppe, at dei skal tena anstendig, kan sjølsagt vera eit argument for at det må kosta å ha eit landbruk i heile Norge. Eller at vi må produsera mat sjøl og ikkje ta føda frå dei fattige og sultne i verden fordi vi har god råd. Steensnæs og matvarebaronane i RemaKiwiRimi i salig ihukommelse.

Men den viktigaste grunnen til at vi bør ha eit livskraftig og utbreidd landbruk i relativt liten skala her i landet, er at det er eit kollektiv gode. Det er ikkje matvareproduksjonen i seg sjøl som er det avgjerande for oss andre som står utanfor og ser det utanfrå, men det den fører med seg. Den held oppe berekraftige landskap med spor av liv i levande bygder. Det er ein viktig kvalitet ved Norge. Eit Norge utan allsidig landbruk over heile landet, ville gro igjen. I eit Norge utan aktivt jordvern, ville den utsette dyrkamarka bli bygd ned av vegar og bygningar. Det ville vera eit fattigare og kjedeligare Norge, eit nature morte, eit stilleben.

DEN URBANE UVITENHETA om naturtilhøve og livsvilkår i dette langstrakte og kronglete landet er umåtelig stor. Danna og velutdanna folk kan ha detaljert kunnskap om kulturlivet i Europas storbyar og stor kjærlighet til det enkle landsbylivet i Toscana og Provence. Men det er imponerende kva dei ikkje veit om landet nord for Sinsenkrysset og vest for Sollihøgda.

Min bekjente, han som eg var i middagsselskap hos, transportere seg av familiære grunnar med bil over halve Sør-Norge nå på forsommaren: opp og ned dalar, ut og inn langs fjordar, over fjell og vidder. Etterpå bekjente han: "Hele turen var rett og slett bevegende. Jeg følte meg som en blanding av amerikansk turist og gammel nordmann med reell interesse for alt dette som jo er så flott, men som jeg ikke kjenner så godt."

OPPLEVELSEN ER GJENKJENNELIG, og eg trur den er blitt sterkare og stoltare etter 22. juli. "Mitt lille land" blei eit slags tillegg til "Ja vi elsker".

Eg har sjøl vore mye på dei same traktene som min bekjente, gått i fjella, kryssa fjordar på ferjer og bruer, kjørt andektig gjennom dalstrøka og sett opp farten gjennom skogar og tunellar. Naturlandskapet er vilt og vakkert eller mjukt og vennlig, men det er det varierte kulturlandskapet som gjer djupast inntrykk. Ikkje bare på stader der ingen skulle tru at nokon kunne bu, men meir det at det bur folk som driv landbruk overalt. Dei pleier sine private landskap til vårt felles landskap som eit kollektivt gode.

Forskningssjef Aadne Cappelen i Statistisk Sentralbyrå har sagt at han er villig til å yta mye for å halda ved like det jordbruksbaserte norske bygdelandskapet, om ikkje anna så fordi det vakkert å sjå på gjennom bilvinduet.

Den globale reiselivsguruen Jens Riisnæs unnlet sjeldan å fremma same budskap endå meir inderlig: Det er ikkje den storslagne naturen i seg sjøl som er det unikt norske, men at det bur folk i levande landbruksbygder med kulturlandskap som ikkje er kulissar. Det er det som er så flott og vakkert at det gler og bevegar både innfødde og gjestar å ferdast Norge rundt. Det kostar, men det er verd det.

DEI GAMLE FJELL I SYNINGOM er alltid eins å sjå, dikta Ivar Aasen.

Nede i bygdene var det annleis: "Der er så mange hendingar i bygdom komne til; me sjå så mange vendingar, alt på eit lite bil". Sveinane snudde om på vollane; dei flytta og rydda og bygde. Dei reiste hus og fjøs og kultiverte jorda. Og dermed omforma dei landskapet.

Hestekrefter og maskinkraft sette andre krav enn sigden og ljåen til kva som var dyrkbart, drivverdig og lønsamt. Småteigar, bekkefar, store steinar og trekrullar blei eit heft og måtte fjernast. Foredla frøslag og kunstgjødsel auka avlingane og tok knekken på unyttige vekstar. Og mye av det biologiske mangfaldet på kjøpet. Det er færre bjøller som ringer i blåklokkevikua, og færre prestekragar som nikkar i vinden.

På historiske foto er ikkje same bygdemotiv til å kjenna att. Liene og fjellknattane vaks til med buskas og lågproduktiv skog då elektrisiteten gjorde den evige jakta på brenneved overflødig. Då lyngbrenninga og utmarksbeitinga tok slutt, overtok krattskogen dei åpne bakkelandskapa. Om dei då ikkje blei forurensa med lønsam, men tung, tett og stadframand granskog.

NATUREN HAR SINE VEGAR OG VILLVEGAR, men kulturlandskapet er også ein omskiftelig størrelse. Det er alltid eit resultat av tidas materielle kultur og næringsliv og strevet for betre utkome. Med endra reiskap og maskinar, nye driftsformer, endra prisforhold og samhandel endrar også kulturlandskapet seg. Myrer er dyrka opp til ny jord. Steinete utmark er rydda og blitt til innmark. Våtmarker er kanaliserte og grøfta.

Høg-effektivt og monokulturelt landbruk er ikkje alltid vakkert. Åkrane er åpne flater utan innramming. Lukta av nytørka hesjehøy har forsvunne inn i traktoregg som kvite plastrullar, eller i siloar som liknar tankane på sildoljefabrikkar. Som då lukta av sildolje spreidde sin ange av liv og velstand langs kysten, legg i dag gjødsellukta frå effektivt landbruk seg som belegg på leppene. Det er aldri vanskelig å lukta seg til at ein har landa på Sola flyplass.

SOM GUTUNGE i DALSTRØKA INNAFOR hjelpte eg kvar sommar onkelen min med slått. Då lærte eg grundig kor viktig kantslått er.

Etter at me hadde kjørt hesteriva og etterpå raska med oss reinene som bestemor hadde nøydd onkelen min til å slå med ljå, då kom bestemor sjøl med riva si og gjekk over kantane ein gong til. Ho fekk knapt meir enn ei kjerne utav det. Men bestemor hadde klart svar: Det måtte vera hamleg gjort.

Sjøl tykte eg det var aldeles meiningslaust, det bestemor heldt på med, for dette var på overgangen mellom 50-talet og 60-talet, og eg delte den allmenne trua på framskritt gjennom effektivitet og rasjonell drift - i landbruket, som elles i samfunnet.

Men sidan har eg grunna mye på dette med hamleg, og eg har funne ut at det har mye for seg. Det er eit godt uttrykk for kombinasjonen av det etiske og estetiske. Det skulle sjå skikkelig ut etter slått - både for oss, og for dei andre. Det er det estetiske. Men det skulle også vera forsvarlig gjort. Dei siste stråa skulle tas med og ikkje gå til spille. Det er ein del av forvaltaransvaret. Den etiske dimensjonen.

Det er desse to sidene eg høyrer i bestemors krav om at det skulle vera hamleg gjort. Både etikk og estetikk. Det var ikkje så mye økonomisk kapital eller verdiskaping i landbruket i dalstrøka innafor kysten Lindesnes - Åna-Sira: Men det var mye verdiladning der - mye symbolsk kapital. Det var den innsikta, det sinnelaget, bestemor mi forvalta. Med ubønhørlig konsekvens.

OG DET ER INGEN DÅRLIG POSISJON. For det er det med landbruk, at det alltid er synlig i landskapet - enten det blir drive slik eller sånn. Landbruket **ER** det norske kulturlandskapet. Og på det området er landbruket i klemme: Det har krav på seg om både å vera effektivt, og til å stella pent med bygdene våre. Og det er sjeldan to sider av same

sak, for der bonden og landbruksøkonomien ser produksjonsareal, ser vi andre kulturlandskap. Der dei ser lønsemd og levelige vilkår, ser vi matvareprisane i butikken på Harry-vis.

Høg-effektivt landbruk har lite tid til kantslått. For effektive og dugande bønder og økonomisk berekraftig landbruk, er kantslått sjølsagt eit meiningslaust heft. Men det er kantane me andre ser, det store VI, me som ikkje har noe innvendig forhold til landbruket. Kantslått er landbrukets grenseflate og utstillingsvindu mot resten av samfunnet. Det er ut frå den me andre bedømmer landbruket. Derfor er kantslått så viktig - i overført betydning.

LANDBRUKSNÆRINGA formar og omformer kulturlandskapet, men er også ein del av samfunnslandskapet, av det politiske landskapet og den politiske økonomien. Derfor er det avhengig av omdømme og tillit: Kva får samfunnet igjen for støtta til landbruket - både økonomisk, haldningsmessig og politisk? Det er med andre ord ikkje bare landbruksproduksjonen, men særlig ideologiproduksjonen som kjem til å avgjera bøndernes omdømme og landbrukets vilkår framover. Og dermed også kordan kulturlandskapet vil utvikla seg.

Landbrukets demografiske og symbolske tyngde som basisnæring og nasjonens ryggrad har forvittra. Om det heller ikkje framstår som garantist for eit vakkert og velpleidd kulturlandskap, har det tapt endå meir av sin rett. Og det er ikkje lett, for der økonomiske bondemenn må sjå landskapet som ein produksjonsfaktor, ser folk flest det som ein rekreativ og estetisk arena der ein kan konsumera inntrykk og opplevsar. Og for alle dei - alle oss, er landbruket ikkje så viktig i seg sjølv, men for det det fører med seg - som nasjonalt og lokalt fellesgode.

ALLE EPOKAR ser gjerne seg sjølv med eit myrsnipete og historisk tunnellsyn. Det kan skapa draumar om paradisiske tilstandar i ei fjern og uberørt fortid. Men like gjerne ei visse om at det kulturlandskapet vi har akkurat nå - eller helst det vi hadde i går, og som kan koma til å bli borte i morgon - er det beste og vakraste som har funnest. Og derfor verneverdig.

Men alle kulturlandskap kan'kje vara evig, veit du, kan aldri vara evig. Dei blir til, og blir endra av, menneskelig aktivitet i stadig skiftande samspel mellom næring, natur og kultur. Kulturlandskapet er alltid eit resultat av samvirke mellom fortidas og samtidas materielle og estetiske verdiar. Derfor kan det ikkje låsast fast i eit tidlaust ideal. Alt kulturlandskap kan ikkje bli museum eller ovetas av Riksantikvaren eller Foreningen til fortidsminnesmerkenes bevarelse.

DEN ØKONOMISKE LANDBRUKSHISTORIKAREN STEIN TVEITE var min veileidar då eg i si tid arbeidde med magistergraden i ruralsosiologi. Hans hovudverk heiter "Det som svarte seg best", og han lærte meg grundig å stilla spørsmålet "What's in it for me?"

Moralen var at bønder ikkje er enkle, dumme, tradisjonsbundne. Dei er tvert imot omstillingsivrige. Dei veit kva dei har, og kvar dei står, men ser også etter kva for muligheter dei har, og derifrå går dei etter det som svarer seg best. Dei tar forvaltaransvaret på alvor, men det betyr ikkje å bli i det som var - uansett. Ikkje for ein kvar pris. Eller egentlig nettopp for ein pris. Og det skal ingen fortenka dei i.

Dersom storsamfunnet vil ha dei til å halda igjen og driva på måtar som skaper og held oppe kollektive gode som storsamfunnet etterspør, så kan ikkje storsamfunnet basera seg

på reguleringar og tvang. Då stoppar drifta. Storsamfunnet må belønna innsatsen med anna enn gratis skryt og glansbilde i turistbrosjyrer. Det må skapast ein vinn-vinn situasjon for alle partar, både for dei som betaler, dei som får betalt, og for gratispassasjerar.

Det er derfor det er så lovande, dette frivillige fellesprosjektet mellom ulike sengekameratar for å ta vare på utvalgte kulturlandskap i vår lille, men langstrakte og mangfoldige land.

Lykke til

Og hold ut.